

Bokmeldingar

HARALD HEGSTAD OG
TORE LAUGERUD:

*Brennende hjerter eller misjone-
rende menigheter? En undersøkelse
av holdninger og engasjement i
forhold til ytremisjon i menigheter
i Den norske kirke, KIFO
rapport nr 16, Tapir 2002,
286 s.*

Med denne rapporten har Tore Laugerud og Harald Hegstad levert ein lesverdig og perspektivrik invitasjon til å arbeida med forholdet mellom å vera forsamling lokalt og å vera misjonerande globalt. Kanskje kan ein hevda at under rapporten sine problemstillingar ligg mellom anna desse to viktige spørsmåla – som i høgste grad heng saman: Er det råd å leggja til rette for at norske kyrkjelydar kan fungera slik at det globale misjonsperspektivet inngår som ein sentral del av lokalforsamlinga sitt perspektiv? Og: Kan dette globale perspektivet bidra til å skapa ein dynamikk som slår positivt tilbake på kyrkjelyden lokalt?

Etter mi meining svarer rapporten ja på begge desse

spørsmåla. Men det går ikkje heilt av seg sjølv.

I. Rapporten er utgitt i år. Den er blitt til i ei turbulent tid. Det skjedde parallelt med at den kyrkjelege kommisjonen førebudde innstillinga om endra tilhøve mellom stat og kyrkje. (Harald Hegstad var også med i den). I tillegg til desse politisk og teologisk betinga endringane, tar også vi del i det europeiske (eller kanskje globale) kulturskiftet, som gjer at vi opplever ganske store endringar på kort tid. For å seia det litt enkelt inneber det at framtida blir mindre sikker enn før. Det gjeld heile den norske kyrkjesituasjonen. Korleis går det med kyrkja vår? Vil vi oppleva at folkekyrkja består om ein generasjon? Trykket nedanfrå på den parokiale strukturen aukar, og jamvel kyrkjerådet var nyleg medarrangør for eit seminar der tema er å bygga nye menigheter!

Dei frivillege organisasjonane i kyrkja har på si side lenge strevd med å oppretthalda det økonomiske nivået, og dermed også aktivitetsnivået sitt. I dette perspektivet blir kyrkjas framtidige økonomiske ordningar viktige. Det blir stadig stilt spørsmål om organisasjona-

ne har ei framtid, og i så fall korleis og kva? For mange er dette det same som å stilla spørsmål om kva framtid norsk misjonsarbeid har. Ein bit av biletet er at to sentrale frivillege organisasjonar i kyrkja har fusjonert, i det Den Norske Santalmisjon og Indremisjonsselskapet saman har skipa Normisjon. Eit sentralt nytt trekk i biletet er at mange stader er det eit aukande krav om at organisasjonen skal skipa forsamlingar. Med dette er det klassiske ("spydevoldske") kyrkjesynet med kyrkja om føremiddag og bedehus om kvelden, under trykk ikkje bare frå eit sjølvmedvite menighetsliv, men også frå eit nytt organisasjonsmønster. Dette ser vi tydeleg i NMS, Normisjon, Norsk Luthersk Misjonssamband (og Indremisjonsforbundet, IMF, som fell utanfor det som er tema for denne rapporten), men med ulik innfallsvinkel og målsetting.

Med dette som bakteppe tar rapporten tak i viktige spørsmål. Og etter mi meining gir den mange spennande innspel til vegen framover.

II. KIFO-rapporten peiker på noen viktige premisser for arbeidet framover. Det førs-

te er at misjon både er handling/målstyrt aktivitet og kultur. Kulturdimensjonen har vore ein veldig styrke, som har gitt norsk misjonsarbeid ei særeigen bærekraft. Det representerer ennå ein styrke, noe som er tydeleg i presentasjonen av situasjonen i alle dei fire representative menighetene. I Sørnes står denne kulturen som bærer av myrkje av heile menigheten. I Nord-Rana er det kulturelle elementet vesentleg for å skapa det samspillet vi kan observera. Mi tolking er at misjon representerer ein "kultur" med sterke innslag av gründermentalitet og evne til tverrkulturell kommunikasjon, og dette er vesentleg for det samspillet som veks fram der.

På den andre sida kan det kulturelle også bli eit fangenskap. Det er det som skjer når misjon blir knytta utelukkande til det som skjer på bedehuset, og bevaring av bedehusets posisjon blir identifisert med å støtta misjonen. Frå misjonsorganisasjonane si side ligg her ei klar utfordring i å gi misjonskulturen nye rom.

Den andre spenningsfulle samanhengen er samanknyttinga mellom misjon og ein bestemt teologisk tradi-

sjon, ofte kalla konservativ teologi. Men også på dette punktet er det verdt å peika på både styrke og avgrensingar i tradisjonen. Det første er at klar tale og enkel teologi fører til handling. Norsk lekmannsteologi har vore handlingsretta, slik jærsk kultur er det. Ein skal ikkje undervurdere styrken som ligg i dette. På den andre sida viser dømet frå Nord-Rana at ein ikkje treng ein klassisk lekmannsteologi (vekkingstradisjon) for å skapa glød for at evangeliet skal formidlast i tydelege ord og talande gjerningar. Og Helgerud kan bli forstått som eit døme som stiller spørsmålet for alvor: Lar vi oss som misjonsrørsler fanga i eit kyrkjepolitisk spel, der vi trur det er teologiske grunn-sanningar det står om? Enkelt sagt: Er tida komen der norske misjonsrørsler skapar sin identitet ved kva dei sjølv meiner, og ikkje ved kva dei tar avstand frå?

Det siste store spørsmålet som skal stillast her, er om situasjonen i kyrkjelydar i Den norske kyrkja er slik at det er rom for å føra den globale misjonsvisjonen vidare?

For meg heng det saman med i kva grad organisasjonane som er omtalt her og

som eg representerer, maktar å møte dei strukturelle og kulturelle utfordringane vi står overfor, og maktar å gjera det kontekstuel. Det vil seia om vi maktar å gjera det slik at vi skjønar kulturen vi sjølve lever i, og samtidig ivaretar vår eigen identitet, og ikkje misser det teologiske eller bibelske festet.

III. Rapporten gir ikkje den statistiske sanninga om misjon i Den norske kyrkja. Kanskje er det personlege elementet for lite betont til fordel for strukturelle analyser. Kanskje er nøklane til forståing like mykje prestane Berit Espeset i Sørnes og Sindre Eide i Helgerud - i tillegg til Jorid Bøen i Nord Rana! Kanskje er forfattarane litt for sjarmert av den folkelege suksess-historia i Nord-Rana?

Likevel er ikkje dette avgjerande innvendingar. Arbeidsmåten dei har nytta, gir innsikt. Det er djupdykk i norsk kyrkjerøyndom, gjennom forskarane sine briller. Slik er det svært verdifullt. Det gir oss eit bilete av mangfaldet vi lever i. Og likevel står vi overfor ein del store felles utfordringar. Det gjeld misjonsorganisasjonane og vår evne til å bera mi-

sjonsvisjonen vidare og levere handlingsforslag.

Men det gjeld også kyrkja, Den norske kyrkja. Fleire stader peikar rapporten på at skiljet mellom ytre-og indremisjon ikkje lenger er grunnleggande (til dømes s. 208). Rapporten legg grunnlaget for ei erkjenning som er viktig: Vi lever - midt i vår 1000-årige tradisjon, midt i vår folkekyrkje, midt i vårt 150-årige misjonsengasjement - også i ein fleirkulturell misjonssituasjon. Dette er vår store, nye felles utfordring, og den første oppgåva er å gjera det til felles innsikt! Dernest å gjera det til grunnlag for strategutvikling og handling.

Den foreliggende rapporten peikar på at det først er når vi ser oss sjølv som del av den verdsvide kyrkja, denne sanninga verkeleg slår inn. Det er først når vårt menneskeverd blir berika av fellesskapet med andre, vi ser vår eigen nød og vår eigen rikdom! Det skjer først når det den madagassiske kontaktpersonen til menigheten i Nord-Rana kallar *den usynlege brua*, blir synleg.

Der misjon har levd rett og friskt, er det alltid oppstått ei slik bru mellom likeverdige menneske trass i

ulike ytre kår. Då norsk misjon oppsto, talte ein om søstre i Zulu og Årdal. Slik talar dei dag om fellesskap mellom sør og nord, mellom Mangarano på Madagaskar og Ytteren og Selfors i Nord-Rana.

Skal dette leva vidare krevst det, slik forfattarane heilt rett seier det i sin konklusjon, misjonerande menigheter med rikeleg rom for menneske med brann i hjartene.

Kjetil Aano